



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad:
Dato: 23.03.2026
Tid: Kl. 09:00 - 11:47

Følgande medlemmer møtte	Parti
Lilleland, Wenche S	AP
Kvamme, Gerd	FRP
Kristin Bøygard Holthe	H
Dyngeland, Leon	KRF
Austrheim, Arild Roar	SP
Sandsgård, Tormod	VILI

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Berentsen, Anne Cecilie	SP	Espevold, Trygve	SP

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside og i Grannar.

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 16.03.2026.

Møtet vart leia av Arild Roar Austrheim.

Forfall Anne Cecilie Berentsen (Sp).

Varamedlem Trygve Espevold (Sp) stilte som varamedlem.

OPOM reiser på synfaring til Vindafjordtunet saman med einingsleiar for pleie og omsorg, Sigurd Gjerdevik i etterkant av møtet.

Frå administrasjonen:

Anita Jørstad Grindheim, barnehage- og skulesjef

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef pleie og omsorg

Turid Askeland, einingsleiar Barnevern

Mona Kristin Haraldseid, politisk sekretariat.

Marianne Log Rødde, politisk sekreteriat.

Innkalling: Ingen merknad

Saksliste: Ingen merknad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
008/26	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
009/26	Referatsaker
010/26	Orienteringssaker
011/26	Tilstandsrapport barnehage og skule 2025
012/26	Tilstandsrapport Etne Vindafjord barnevernteneste 2026
013/26	Svar på søknad om serveringsløyve
014/26	Svar på søknad om serveringsløyve
015/26	Følgjekort - retningslinjer
016/26	Spørsmål til administrasjonen

008/26 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

3 medlemmer blir valgt til å signere møteprotokoll

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Møteleiar fremma forslag om Gerd Kvamme (Frp) og Leon Dyngeland (KrF) til å godkjenna og signera møteprotokoll.

Dette blei samrøystes vedtatt.

OPOM - 008/26 Vedtak:

Til å skrive under møteprotokoll vart desse 3 medlemmene valde:

1. Arild Roar Austrheim (Sp), møteleiar
2. Gerd Kvamme (Frp)
3. Leon Dyngeland (KrF)

009/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Ingen merknader til referatsakene.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 009/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

010/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Anita Jørstad Grindheim, barnehage- og skulesjef orienterte om blant anna :
"Vårens vakreste eventyr" rekruttering til vindafjordskulen/barnehage, Montessoriskulen på Bjoa, Skolesekk (kurs KI, GDPR mm.).

Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef helse og omsorg orienterte generelt om aktuelle saker frå eininga:
Overliggende døgn, overgang til journalsystemet Visma flyt helse, rekruttering, status Vikedal legekantor, vannskade dagsenter Sandeid, NAV flytteprosess, Helse- og omsorgsplanen.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 010/26 Vedtak:

Orienteringssakene vart einstemmig tekne til etterretning.

011/26 Tilstandsrapport barnehage og skule 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapporten for barnehage og skule 2025 vert teken til etterretning.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Anita Jørstad Grindheim, barnehage- og skulesjef orienterte om saka før handsaming.

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 011/26 Vedtak:

OPOM tek Tilstandsrapporten for barnehage og skule 2025 til etterretning.

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Åse Markhus Berge, rådgjevar oppvekst, orienterte medlemmene om denne saka.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

VUR - 005/26 Vedtak:

Tilstandsrapporten for barnehage og skule 2025 vert teken til etterretning.

012/26 Tilstandsrapport Etne Vindafjord barnevernteneste 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunestyre tek saka til orientering.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Turid Askeland, einingsleiar barnevern orienterte om saka før handsaming.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 012/26 Vedtak:

OPOM tek tilstandsrapport Etne Vindafjord barnevernteneste 2026 saka til orientering.

013/26 Svar på søknad om serveringsløyve

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av serveringslova får Isvik Smakstudio AS , Vikevegen 30 , 5574 Skjold serveringsløyve etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar/org.nr.:	Isvik Smaksstudio AS, org.nr. 936886647
Serveringsstad:	Isvik Smakstudio AS , Vikevegen 30 , 5574 Skjold
Dagleg leiar:	Iryna Yarova f.030383
Styreleiar:	Iryna Yarova
Type verksemd:	Kafe/uteservering/take away/ catering/sal av lokalmat
Lokale/stad:	Isvik Smakstudio AS , Vikevegen 30 , 5574 Skjold

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytta til dagleg leiar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 013/26 Vedtak:

I medhald av serveringslova får Isvik Smakstudio AS , Vikevegen 30 , 5574 Skjold serveringsløyve etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar/org.nr.:	Isvik Smaksstudio AS, org.nr. 936886647
Serveringsstad:	Isvik Smakstudio AS , Vikevegen 30 , 5574 Skjold
Dagleg leiar:	Iryna Yarova f.030383
Styreleiar:	Iryna Yarova

Type verksemd: Kafe/uteservering/take away/ catering/sal av lokalmat

Lokale/stad: Isvik Smakstudio AS , Vikevegen 30 , 5574 Skjold

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytta til dagleg leiar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

014/26 Svar på søknad om serveringsløyve

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av serveringslova får Plan D - Celeritas AS , Sjoargata 75 , 5580 Ølen serveringsløyve etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar/org.nr.: Celeritas AS, org.nr. 920579655

Serveringsstad: Plan D - Celeritas AS, Sjoargata 75 , 5580 Ølen

Dagleg leiar: Tom Heggen Ystaas f.201270

Styreleiar: Tom Heggen Ystaas

Type verksemd: Gatekjøkken, take away

Lokale/stad: Plan D - Celeritas AS, Sjoargata 75 , 5580 Ølen

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytta til dagleg leiar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 014/26 Vedtak:

I medhald av serveringslova får Plan D - Celeritas AS , Sjoargata 75 , 5580 Ølen serveringsløyve etter følgjande spesifikasjonar:

Løyvesøkjar/org.nr.: Celeritas AS, org.nr. 920579655

Serveringsstad: Plan D - Celeritas AS, Sjoargata 75 , 5580 Ølen

Dagleg leiar: Tom Heggen Ystaas f.201270

Styreleiar: Tom Heggen Ystaas

Type verksemd: Gatekjøkken, take away

Lokale/stad: Plan D - Celeritas AS, Sjoargata 75 , 5580 Ølen

Løyvehavar pliktar å melde frå til kommunen om endringar i driftsform eller endringar knytta til dagleg leiar, då dette er høve som kan føra til ny vurdering av løyvet.

015/26 Følgjekort - retningslinjer

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek reningslinjer for følgjekort slik dei følgjer av vedlegget i saka.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 015/26 Vedtak:

OPOM vedtek reningslinjer for følgjekort slik dei følgjer av vedlegget i saka.

016/26 Spørsmål til administrasjonen

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Spørsmål til administrasjonen frå Leon Dyngeland (Krf):

Det har kommet fram i ulike møter at Dagsenter tilbudet i Vindafjord Kommune ikke fungerer bra. Det har blitt nevnt at lokaler ikke er tjenlige, og det har blitt nevnt uverdige toalettforhold i Vats.

Må vårt Dagsenter tilbud ligge på Ølen Omsorgssenter eller Vats sykehjem?

Blir andre lokaler som f.eks Vindafjordhallen vurdert som mulige steder for vårt Dagsenter tilbud?

Svar frå Sigurd Gjerdevik, kommunalsjef pleie og omsorg:

Det er i første rekke forholda ved Vindafjordtunet som er krevjande på grunn av toalett forholda. Men plass tilhøva ved Ølen er heller ikkje optimale.

Først litt generelt om dagtilbod for eldre.

Det er kun dagtilbod for personar med demens som er eit lovpålagt tilbod i ein kommune, men i Vindafjord meiner me at det er eit særskilt viktig tilbod for heimebuande eldre å ha tilbod om. Det er både eit godt avlastande tiltak for pårørande og eit viktig sosialiserende og ernæringsmessig tiltak for heimebuande. I Vindafjord er dagtilbodet dei siste åra overført til heimetenestene for å ha betre tilknytning og samarbeid mellom heimetenester og dagtilbodet.

Det er ikkje naudsynt at dagtilbod er organisert utifrå våre institusjonar slik som det er i Vindafjord, det er veldig gode argumenter for å ikkje knytte det opp mot sjukeheimen slik at ein opplever tilbodet som meir uavhengig av sjukeheimen enn det kanskje er idag. Organisering i andre lokaler enn sjukeheim kan kansskje også virke mindre stigmatiserende for dei som er brukarar av tilbodet.

Det er allikevel mange kommunar som bruker sjukeheimane til dette tilbodet fordi dei fleste institusjonar har ei god tilrettelegging for slik aktivitet. Dette er også noko ein må ta stilling til i samband med bygging av samlokalisert omsorgsbygg i kommunen.

I samband med den konkrete problemstillinga på Vindafjordtunet er det vurdert å ta den omsorgsbustaden som ligg nærast til avdelinga og innlemme den i aralet som dagtilbodet disponerer. Men med det presset som kommunen har hatt inn mot omsorgsbustader og instiusjonsplasser, dei siste par åra har det ikkje vore ønskeleg å ta ned kapasiteten på bustader. Dette kunne i stor grad løyst utfordringen. Dette vert framleis vurdert som ei løysning.

Når det gjeld evt leige i eksterne lokaler er dette noko ein må komme tilbake til som eit mogleg budsjetttiltak. Det må også være eigna lokaler. Det er mogleg at Vindafjordhallen kan være eit mogleg alternativ for eit slikt tilbod, men det er pr no ikkje gjort konkrete vurderingar om det er eigna, sett opp mot øvrig aktivitet som er i lokala. Feks om det er skjermingsmoglegheiter for demente når det feks er skulesymjing, vil det avskjære for anna bruk ad bygdahusdelen på dagtid, evt kva leigepris det vil være snakk om. Dette er forhold som kan avklarast i tid til budsjett.

Frå handlingdelen i helse og omsorgsplanen viser eg elles til nederste punkt i første delmål.

Delmål	Tiltak/Oppdrag	Ansvar	Periode	Status / Merknad
Utvikla ein driftsoptimal struktur for institusjonsdrift og heildøgns omsorg	Starte planlegging nytt omsorgssenter	Kommune- direktør	2026 - 2027	Samle sjukeheimsdrifta i eit omsorgssenter Vurdere bustader med heildøgns bemanning i tilknytning til omsorgssenter
	Starte planlegging av fleire omsorgsbustader med moglegheit for døgnbemanning	Kommunalsjef helse og omsorg Kommunalsjef samfunns- utvikling	2026 - 2027	Leggast til sentrumsstrukturar Understøtte eigenmeistring Samarbeid mellom tenestene Driftseffektivitet Mogleg samlokalisering dagaktivitetstilbod
	Overordna kartlegging over organisering av tenester på natt	Kommunalsjef helse- og omsorg	2026 - 2027	Bruk av velferdsteknologi og digitalt tilsyn Lokalisering
	Vurdere andre tilbod for tidsavgrensa opphald til brukargruppa psykisk helse og rus	Kommunalsjef helse- og omsorg	2026 -2027	Sjå den heilskaplege innsats- og bustadtrappa
	Starte planlegginga av ny lokasjon for dagaktivitetstilbod for eldre	Kommunalsjef helse- og omsorg	2026 - 2027	Behov for meir eigna lokale med moglegheit for betre individuelle tilretteleggingar, samt behov for å kunne ta imot fleire Samlokalisering med andre kommunale tilbod for heimebuande eldre

OPOM - 016/26 Vedtak: